

Arkivnr: 2016/10063-21

Saksbehandlar: Stein Ottosen, Roald Landøy, David Aasen Sandved

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017

**Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2017****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren har kvar sett av ein årleg post på kr 500 000,-, til saman 1 mill. til ei ny tilskotsordning for drift av verna fartøy. Sidan vedtektene for tilskotsordninga ikkje kom på plass før i september 2016, vart midlane overført til 2017. Kr 375 000 av RA midlane for 2016 var øyremerka den freda ferja Skånevik, og desse midlane vart utbetalt i 2016. Det er også sett av ein stor post til Skånevik ved denne tildelinga for å dekke meirkostnader for at fartøyvet kan ta med bilar.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har den 14.09.2016 sak 113/2016 vedteke at større fartøy med status som freda eller verneverdig, kan søke om midlar til å dekke utgifter som er ein føresetnad for eller ein konsekvens av at fartøya er i drift: naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, reservedelar mm., naudsynte kurs for mannskap og tiltak for å sikre at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare. Halvparten av midlane er løyvde av Hordaland fylkeskommune og resten av Riksantikvaren.

Målgruppa har vore eigarar av fartøy som har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren.

Det er kome inn 11 søknader. Den samla søknadssummen er kr 3.719.342, medan budsjettposten er kr 2.000.000 – kr 375.000 = kr 1 625 000

<b>Generelt</b>	
Budsjett 2016 og 2017	1 625 000
Søknadsfrist for tildeling	1.november
Vedtak kriteria	<a href="#">Retningsliner</a> fastsett av KIRU 14.09.2016, <a href="#">sak 113/16</a>
Informasjon om ordninga	<a href="#">Nettstad</a> og utlysing i trykte media

<b>Søknader 2017</b>	
Tal på søknader	11
Tal på søknader som er tilrådd tilskot	11
Samla søknadssum	3 719 342
Tilrådd til fordeling	1 625 000

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**

Særlege utfordringar er knytt til vilkåra for dei som forvaltar og driftar fartøya og rekrutteringa av barn og ungdom. Det er trong for fellestiltak som kan forenkle og samordne styresmaktene sin innsats i høve dei frivillige.» Med bakgrunn i desse punkta er det i handlingsprogram 2015-2018 til kulturplanen, under innsatsområde 17, ført opp som eit første prioritets tiltak å etablere støtteordning for drift av verna fartøy.

Som framheva i kulturplanen er fartøyvern eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Sikring og istandsetjing av freda og verneverdige fartøy vert støtta av ein eigen fylkeskommunal tilskotsordning, medfinansiert med 50% av Riksantikvaren. Etter at fartøy vert istandsett, er erfaringa at mange større fartøy slit med høge driftskostnader. For ytterlegare å støtte opp under fartøyvernet er det difor løyva midlar til ei ny tilskotsordning til forvaltning og drift av freda og verneverdige fartøy. Den nye tilskotsordninga vert finansiert etter same modell som den etablerte tilskotsordninga for fartøyvern, der Riksantikvaren gir midlar frå statsbudsjettet i same storleik som det fylkeskommunen sjølv sett av.

Den nye tilskotsordninga må sjåast i samanheng med den eksisterande ordninga for sikring og istandsetjing av fartøy, og tanken er at dei skal utfylle kvarandre. Føremålet med den nye tilskotsordninga er å bidra til å fremje kystkulturen som del av vår kulturarv og identitet samt som kjelde for kunnskap, oppleving og verdiskaping, gjennom støtte til drift og forvaltning av større verna eller freda fartøy i Hordaland.

Når det gjeld kven som kan søkje, er det gjort ei avgrensing til større fartøy, definert i retningslinene som over 100 bruttoregister tonn eller som tar minst 20 passasjerar. Dette er dels for å gjere ordninga meir spissa mot der trongen er størst. Større fartøy har òg gjennomgåande høgare driftsutgifter, samstundes som det særleg er desse som går med passasjerar og på det viset når ut til ålmenta i størst grad. Avgrensinga til fartøy som er freda eller fått status som verneverdige av Riksantikvaren er som for den eksisterande tilskotsordninga. Det er opna for at fartøy som ikkje høyrer heime i Hordaland, men som har størsteparten av seglingstida si her og slik kjem fylket til gode, kan få støtte.

Ordninga kan gi tilskot til å dekke utgifter som er ein føresetnad for eller ein konsekvens av at fartøya er i drift. Di meir eit fartøy vert brukt, di større vert slitasjen på skrog, rigg og maskineri. Fartøy er kompliserte, tekniske gjenstandar som treng årleg inspeksjon for å garantere dugleiken. Det følgjer vesentlege kostnader med tilsyn og godkjenning av Skipskontrollen (tilstand, redningsutstyr, elektriske anlegg, maskineri mv). I tillegg kan det å sikre ein høveleg liggjeplass for fartøyet vere ei stor økonomisk utfordring (hamneavgift, straum mv.). Tilskotsordninga skal difor kunne bidra til å dekke kostnadene til naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, reservedelar til motor mm. Forutan slike utgifter direkte til fartøyet, er det òg aktuelt å dekke utgifter knytt til mannskapet, som t.d. naudsynte kurs og tiltak for å sikre at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare til nye personar. Tilskotsordninga skal slik vere med å leggje til rette for frivillig innsats. Slik kunnskap er både ein føresetnad for vidare drift, men òg ofte eit immaterielt kulturminne i seg sjølv.

### Rapportering på tiltaka

Iflg. retningslinene skal søkjar skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande år. Rapporten skal innehalde:  
 Relevant dokumentasjon som klart viser korleis drift og forvaltning er gjennomført og om måla er nådd, utgreiing av gjennomført drift og eventuelle avvik frå budsjett/planen for arbeidet.  
 Rekneskap m/oversikt over kostnader og samla finansiering.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.09 slik:

nr.	Fartøy	Eigar	Kostnad	Søknad	Tildelt
1	M/S Sunnhordland	HSD Sunnhordland A/S.	11 750 000 (Istandsetting og drift)	750 000	230 000
2	M/Y Sporen	Sporens rederier AS	415 000 (Istandsetting og drift)	415 000	60 000
3	D/S Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	655 500	300 000	120 000

4	D/S Stord I	Stiftelsen DS Stord I	700 000	424 242	280 000
5	M/S Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab As	150 000	150 000	80 000
6	M/S Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	140 000	140 000	60 000
7	T/B Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	620 000	300 000	165 000
8	S/J Mathilde	Hardanger og Voss museum	2 470 000 (Istandsetting og drift)	200 000	90 000
9	M/S Atløy M/F Folgefonn M/S Granvin M/S Midthordland D/S Stavenes D/S Stord 1 M/S Tysnes M/S Vestgar M/F Skånevik T/B Vulcanus	Fjordabaatane - samarbeidsorgan for 10 av Vestlandets verneverdige fartøyer	186 000 (Landbasert oppfølging)	50 000	30 000
10	M/S Vestgar	Øygardsbåtane AS	240 100	190 100	70 000
11	M/F Skånevik	Ferjelaget Skånevik	800 000	800 000	440 000
				<b>3 719 342</b>	<b>1 625 000</b>

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Grunngeving for tilskot

**Fylkesrådmannen, 04.04.2017**

Det vert vist til vedlegget med oversyn over søknadane og fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.